

Fra Frigaard til Hut på Dønhaug

20.10.2007



William Hut i bokerverkstaden på Rød i forkant av Festidalen 2006. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ingen ringare enn William Hut skal neste laurdag (27.oktober) ha konsert i Dønhaugkjedlaren. Fredag kveld var det Terje Frigaard med eit svært dyktig band som utfalda seg for rundt 50 begeistra gjester der.

Blues-entusiastane fekk full valuta for pengane. Og om ei veke kjem altså sjølvaste Hut, så på Dønhaug er det verkeleg stigning i programmet.

Vertskapet er stolt over at dei kan tilby gjestene slike kapasitetar. Normalt skulle det ikkje vore mogeleg å henta inn så store artistar som Hut til eit lokale med plass til 60 -70 gjester. Men han har gjort eit unnatak denne gongen både når det gjeld storleiken på honorar og lokale. Det skuldast først og fremst at han har vore gjest på Dønhaug før og har opplevd Dønhaugkjedlaren.

Mange opplevde nok William Hut både før og under Festidalen 2006 og lot seg imponera stort over hans fantastiske stemme. Han gav i årskiftet 2005/2006 ut singelen "Take it easy". Denne vart ei landeplage av dimensjonar, og Hut vart ein av landets mest spelte artistar. Då hans fjerde soloalbumet "Nigtfall" kom ut i romjula 2006, tok det heilt av. Etter berre to veker hadde den seld til gullplate.

Vegen har ført Hut frå intimkonsert på Bøkkerverkstaden på Rød (for dei friviljuge i forkant av Festidalen i fjar), til eit fullstappa Oslo Spektrum, konsert med Bergen Filharmoniske Orkester, utselde konsertar og massiv kritikarskryt både i Europa og USA

Grunnen til suksessen er både hans store låtskrivartalent og imponerande stemmeprakt.

Men kven er han eigentleg? Han vart fødd i Bergen i 1973, vaks opp der og bur der også i dag. Allereie på ungdomsskulen starta han bandet Poor Rich Ones saman med Espen Mellingen. I 1996 debuterte dei med 'Naivety's Star' og to år seinare vant dei Spellemannsprisen for beste rock-album som bar namnet 'From the makers of ozium'.

William debuterte både i Europa og USA med bandet, men i 2002 var det slutt. Då hadde han allereie starta solokarriere. Det gjorde han i 2001 med albumet 'Road Star Doolittle', som året etter fekk han opp på ti-på-topp-lista til Rolling Stone-kritikar Rob O'Connor i USA.

William Hut opererer innan ulike sjangrar, (pop, rock, folk og country) og vart i 2004 nominert til to spelemannsprisar i to ulike kategoriar. Kva kategori hans neste album havnar i er ikkje godt å veta. Men det er sikkert at det vil koma meir "vakker, ugløyfylt popmusikk" frå han og at melankolien alltid vil vera hjå denne unike artisten.

Meir stoff om Hut er å finna på heimesida hans: www.williamhut.com.

Av Magne Huglen og Ola Matti Mathisen



Terje Frigaard på Dønhaug fredag kveld: "Keep the blues going". Og det gjorde han verkeleg.. (Foto: Ola Matti Mathisen)